



Kåre Landsvik
Landsvik 38
5917 Rossland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2266 - 23/20995

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
15.03.2023

Godkjenning fritak gjødselplan GBNR 351/10 Landsvik

Administrativt vedtak: Saknr: 294/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Kåre Landsvik dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.03.2028 for Gbnr 351/10, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Kåre Landsvik har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 351/10. Drifta er 20 vinterfora sauer. Søkjer eig 10,3 daa overflatedyrka , 6,5 daa fulldyrka mark og 13,6 daa innmarksbeite. Driftsformen er utgangardrift.

Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året. Søkjeren kjøper inn 1000 kg kunstgjødsel med 22-3-10 som vert spreidd ein gong på alt arealet.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på beiting				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
1000	22-3-10	30.4	Alt arealet (en gang)	33	7.26	0.99	3.3
Sum					7.26	0.99	3.3

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

GDE =0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg langt under 50 % av normgjødsling. Bruket har få gjødseldyreiningar (GDE) og har mykje areal i høve til dyretalet.

Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/2266 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kåre Landsvik

Landsvik 38

5917

Rosland